

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato: 14.04.2005
Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 28. FEBRUAR 2005

Styresak 41/05 B

Styremøte 25.04. 2005

Innleiing

Denne rapporteringa er gjort med utgangspunkt i helseføretaka si rapportering pr. februar 2005.

Helseføretaka har ved rapporteringa pr. februar ikkje nådd å innarbeida budsjettvedtaket som blei gjort under sak 32/05 B Justert konsernbudsjett. Rapporteringa er derfor gjort med basis i eit resultat på kr 186 mill i underskot for 2005.

Det er framleis knytt usikkerheit til tala då rekneskapet så tidleg på året fortsett inneheld ei rekke periodiseringar og avsetningar. Rapporten gir likevel eit viktig signal om utviklinga i resultatet så langt i år og vil kunne danne grunnlag for å sjå behov for å setta inn korrigerande tiltak.

Kommentarar

1. Resultat for konsernet

Økonomirapportering pr. FEBRUAR 2005

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT FEBRUAR						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivingar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-33,2	-12,2	-20,9	12,3	-20,9	-27,1	6,2
Helse Fonna HF	-19,0	-9,3	-9,7	9,3	-9,7	-5,5	-4,2
Helse Bergen HF	-60,6	-55,4	-5,3	30,8	-29,8	-58,2	28,4
Helse Førde HF	-17,4	-18,0	0,5	8,0	-9,4	-13,1	3,7
Apoteka Vest HF	-2,0	-1,6	-0,4		-2,0	-0,3	-1,7
Kjøp av helsetenester	10,8	10,8	-		10,8	2,6	8,2
Helse Vest RHF	-11,3	-11,3	-		-11,3	-6,5	-4,8
Sum føretaksgruppa	-132,6	-96,9	-35,8	60,4	-72,2	-108,1	35,9

Helse Vest IKT AS vil bli innarbeida i rapporteringa frå og med komande rapportering. Så langt er resultatutviklinga i tråd med budsjettet.

Resultatet for føretaksgruppa viser pr. februar eit negativt avvik mot budsjett på kr 35,8 mill. Det største avviket finn vi i Helse Stavanger med kr 20,9 mill i avvik. Deretter følgjer Helse Fonna med kr 9,7 mill og Helse Bergen med kr 5,3 mill i negativt avvik. Helse Førde og Apoteka Vest har mindre avvik.

Ser ein resultatutviklinga opp mot tilsvarende periode i fjor et det eit positivt avvik på kr 35,9 mill. Her er det Helse Bergen som har den desidert største framgangen på kr 28,4 mill. Det er og eit positivt avvik i Helse Stavanger på kr 6,2 mill og Helse Førde med kr 3,7 mill målt mot i fjor. Helse Fonna har eit negativt avvik mot i fjor på kr 4,2 mill.

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i hele tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-73,7	-73,7	-192,4	0,0	118,7
Helse Fonna HF	-76,0	-76,0	-101,4	0,0	25,4
Helse Bergen HF	-314,8	-314,8	-495,3	0,0	180,5
Helse Førde HF	-84,3	-84,2	-109,8	0,0	25,5
Apotekene vest HF	0	0	-2,3	0,0	2,3
Kjøp av helsetenester	65,1	65,1	101,6	0,0	-36,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-548,7	-548,7	-841,8	0,0	293,0
Meiravskrivingar	362,4	362,4	364		
Resultat justert for meiravskr.	-186,3	-186,3	-477,8	0,0	291,4

Sjølvs om resultatutviklinga pr. februar viser eit negativt avvik mot budsjett, opprettheld alle føretaka ein resultatprognose som er lik budsjett. Det er stor usikkerheit knytt til prognosen særleg med tanke på oppnåing av budsjettert vekst i ISF inntekta. Ein svikt i DRG produksjonen krev derfor korrigierende tiltak på kostnadssida for å styre inn mot budsjettert årsresultat. I komande rapportering vil budsjettert resultat for året bli justert i tråd med budsjettvedtak om resultat i balanse.

2. Verksemdene

2.1 Generelle kommentarar

Helseføretaka har i rapporteringa lagt til grunn dei budsjettvedtak som er fatta tidlegare kor resultatet viser eit underskot på kr 186 mill. Helseføretaka har ved rapporteringa pr februar nytta ulike prinsipp for berekning av avskrivingar. I denne rapporteringa er desse tala justert for at dei skal bli samanliknbare og resultatet blir difor vist med og utan meiravskrivingar. Ved justering av budsjettkravet om balanse i 2005 vil det mellom anna bli føretatt ei ytterlegare teknisk justering på avskrivingar. Denne justeringa vil bli innarbeida i rapporteringa pr. mars 2005.

Helseføretaka har budsjettert med ein relativt stor auke i DRG produksjonen sett opp mot 2004. Veksten ligg over bestillinga som er gjort av Helse- og omsorgsdepartementet for 2005. Helse Vest har understreka at ein produksjonsauke må skje innanfor dagens kapasitet og at HF'a ikkje foretar ei auke i talet på stillingar for å ta ei slik produksjonsvekst. Utviklinga i DRG produksjonen pr. februar indikerar at helseføretaka kan ha problem med å auke produksjonen i tråd med dei føresetnadane dei har lagt til grunn i budsjetta for 2005. Det er derfor avgjerande at årsaka til manglande vekst blir analysert nærare og at det blir sett i verk korrigierende tiltak for å kunne nå budsjettkravet for 2005. Forholdet vert nærare omtala under kommentarane til kvart av HF'a.

2.2. Helse Stavanger HF

Samandragsrapport pr.:

FEB 2005

REKNESKAPSDATA


	Hittil i år		Budsjett		2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling		%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	41 778	8,9 %	45 539	9,4 %	39 499	9,0 %	233 556	233 556	0
ISF	159 010	33,9 %	170 172	35,1 %	107 367	24,6 %	997 551	997 551	0
Rammetilskot	257 015	54,9 %	255 110	52,6 %	279 761	64,1 %	1 567 388	1 567 388	0
Andre inntekter	10 614	2,3 %	13 784	2,8 %	9 885	2,3 %	82 260	82 260	0
Sum driftsinntekter	468 417	100,0 %	484 605	100,0 %	436 512	100,0 %	2 880 755	2 880 755	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	55 585	11,9 %	53 790	11,1 %	60 754	13,9 %	336 369	336 369	0
Løns- og personalkostnader	353 517	75,5 %	346 483	71,5 %	343 968	78,8 %	2 047 884	2 047 884	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	80 191	17,1 %	83 683	17,3 %	58 800	13,5 %	492 902	492 902	0
Sum driftsutgifter	489 293	104,5 %	483 956	99,9 %	463 522	106,2 %	2 877 155	2 877 155	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-20 876	-4,5 %	649	0,1 %	-27 010	0	3 600	3 600	0
Netto finans	-17		-600		-118		-3 600	-3 600	0
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-20 893		49		-27 128	0	0	0	0
- Meiravskrivning	12 282		12 282		12 282		73 694	73 694	0
Resultat	-33 175	0	-12 233	0	-39 410	0	-73 694	-73 694	0

Resultatet pr. mars viser eit negativt budsjettavvik på kr 20,9 mill. Avviket skuldast mellom anna ein svikt i ISF inntektene med kr 11,2 mill eller 6,5 % mot budsjett. Noko av avviket skuldast feil i periodiseringa på grunn av vinterferie men hovudårsaka ligg i at ein får færre DRG poeng for tilnærma same aktivitet målt i sjukehusopphald. Det er vidare ein svikt i polikliniske inntekter på kr 3,8 mill (8,2 %). Avviket skuldast periodisering og innføring av nye takstar samt manglande historiske tal knytt til psykiatrien. Helse Stavanger antar at avviket blir redusert i dei komande månadene.

Driftskostnadene viser eit samla negativt avvik på kr 5,3 mill og er hovudsakeleg knytt til løn. I avviket på lønskostnadene er det eit meirforbruk på overtid og innleie av personell på samla kr 2,1 mill. Det resterande avviket skuldast auka avsetning på variabel lønn.

Helse Stavanger vil følgje opp utviklinga nøye i dei komande månadene, særleg retta inn mot ISF inntekter og overforbruk på løn. Ein har valt å oppretthalde ei resultatprognose for året lik budsjett. Med basis i dei første to månadene er det risiko knytt til oppnåing av budsjettert resultat. Dette vil etter alt å dømme krevje korrigierende tiltak og Helse Vest vil be om at det blir gitt ei nærare utgreiing frå Helse Stavanger på korleis ein skal nå budsjettkrava.

Grafen under viser resultatutviklinga pr. månad eksklusive meiravskrivingar:



%-vis endring frå 2004 til 2005
FEB 2005
REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2003 til 2004
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	41 778	39 499	5,8 %
ISF	159 010	107 367	48,1 %
Rammetilskot	257 015	279 761	-8,1 %
Andre inntekter	10 614	9 885	7,4 %
Sum driftsinntekter	468 417	436 512	7,3 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	55 585	60 754	-8,5 %
Løns- og personalkostnader	353 517	343 968	2,8 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	80 191	58 800	36,4 %
Sum driftsutgifter	489 293	463 522	5,6 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-20 876	-27 010	-22,7 %
Netto finans	-17	-118	-85,6 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-20 893	-27 128	-23,0 %
- korreksjon avskrivningar	12 282	12 282	
Resultat	-33 175	-39 410	-15,8 %

Resultatet jamført mot fjoråret viser ein framgang på kr 6,2 mill. Dette skuldast at inntektene har auka med 7,3 % og kostnadene med 5,6%. Her skal ein vera merksam på at det i fjor var bokført for låg avskrivingskostnad og at dette er hovudårsaka til at andre driftskostnader aukar så mye. Nedgang i varekostnad er i stor grad knytt til lågare medikamentbruk.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	4 666	4 983	-317	28 906	28 906	0
Dagkirurgi/dagbeh.	1 565	1 668	-103	9 656	9 656	0
DRG-poeng	8 739	9 440	-701	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	6 973	7 306	-333	43 315	43 315	0
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn/døgnbeh.	15 768	17 765	-1 997	106 590	106 590	0
Oppholdsdager, dagpasienter	2 701	3 389	-688	20 332	20 332	0
Pol. konsultasjonar	11 578	9 924	1 654	59 545	59 545	0

Aktiviteten målt i DRG poeng viser ein svikt i forhold til budsjett på 7,4 % medan aktiviteten målt i sjukehusopphald viser eit negativt avvik på 6,4 %. Aktiviteten målt i tal på pasientar er pr. februar om lag på same nivå som i fjor, mens DRG poeng er lågare. Analysesenteret har vurdert problemstillinga knytt til ny DRG grupper men har konkludert med at denne effekten er minimal. Talgrunnlaget viser periodiske svingingar med blant anna ein stor del uferdige koder. Det negative budsjettavviket pr. februar er forventat å bli redusert noko etter første tertialoppgjær.

2.3 Helse Fonna HF

Samandragsrapport pr.:

FEB 2005


REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	18 742	7,0 %	19 915	7,3 %	17 660	6,8 %	112 133	112 133	0
ISF	84 353	31,7 %	91 489	33,4 %	56 810	22,0 %	523 598	523 598	0
Rammetilskot	154 434	58,0 %	154 358	56,4 %	174 933	67,8 %	940 018	940 018	0
Andre inntekter	8 827	3,3 %	8 029	2,9 %	8 631	3,3 %	49 400	49 400	0
Sum driftsinntekter	266 356	100,0 %	273 791	100,0 %	258 034	100,0 %	1 625 149	1 625 149	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	27 037	10,2 %	26 360	9,6 %	24 775	9,6 %	157 594	157 594	0
Løns- og personalkostnader	198 156	74,4 %	196 248	71,7 %	195 067	75,6 %	1 152 993	1 152 993	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	51 075	19,2 %	51 182	18,7 %	44 002	17,1 %	333 561	333 561	0
Sum driftsutgifter	276 268	103,7 %	273 790	100,0 %	263 844	102,3 %	1 644 148	1 644 148	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-9 912	-3,7 %	1	0,0 %	-5 810	-2,3 %	-18 999	-18 999	0
Netto finans	217		0		284		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-9 695		1		-5 526	0	-19 999	-19 999	0
- Meiravskrivning	9 333		9 333		9 333		56 000	56 000	0
Resultat	-19 028	0	-9 332	0	-14 859	0	-75 999	-75 999	0

Resultatet pr. februar viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 9,7 mill. Avviket skuldast primært ein svikt i ISF inntektene. ISF inntektene viser eit negativt avvik på kr 7,1 mill. Det er innan området kirurgi ein har det største negative avviket med kr 5,3 mill. Svikten er særleg knytt til dei mindre sjukehusa, samt ved ortopedi og gastro i Haugesund. ISF inntektene ved Kvinneklínikken-barn har ei svikt på kr 1,6 mill. Det er særleg gyn/føde som har ei lågare produksjon enn budsjettet. Det er og eit negativt avvik på poliklinikk innan områda KK-barn, medisin og kirurgi.

Dei samla kostnadene viser eit negativt avvik på kr 2,5 mill, og avviket fordeler seg både på varekostnader og løn. Varekostnadene må analyserast nærare då ein på trass av svikt i aktiviteten har ein høgare varekostnad enn budsjettet. Når det gjeld avviket på løn kan deler av dette skuldast for høg avsetning til pensjon. Pr. februar viser kostnader til fast løn eit positivt avvik mens variabel løn og innleie av personell viser eit negativt avvik. Helse Fonna vil vurdere å sette i verk korrigierende tiltak.

Grafen under viser resultatutviklinga pr. månad eksklusive meiravskrivingar:



REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	18 742	17 660	6,1 %
ISF	84 353	56 810	48,5 %
Rammetilskot	154 434	174 933	-11,7 %
Andre inntekter	8 827	8 631	2,3 %
Sum driftsinntekter	266 356	258 034	3,2 %
	Rekneskap	Regnskap	
Varekostnader	27 037	24 775	9,1 %
Løns- og personalkostnader	198 156	195 067	1,6 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	51 075	44 002	16,1 %
Sum driftsutgifter	276 268	263 844	4,7 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-9 912	-5 810	70,6 %
Netto finans	217	284	-23,6 %
Ekstraordinære poster	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-9 695	-5 526	75,4 %
- korleksjon avskrivningar	9 333	9 333	
Resultat	-19 028	-14 859	28,1 %

Resultatet pr. februar viser ei forverring mot i fjor på kr 4,2 mill. Dette skuldast hovudsakeleg auka kostnad til kjøp av helsetenester, auka bruk av blodprodukt samt periodisering av kostnader. Det er og ei endring i kostnadsføringa knytt til IKT då delar av lønskostnaden no blir ført som kjøp av tenester frå IKT eininga.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	4 058	4 388	-330	25 404	25 404	0
Dagkirurgi/dagbeh.	2 245	2 240	5	12 534	12 534	0
DRG-poeng	4 636	5 028	-392	28 777	28 777	0
Pol. konsultasjoner	14 994	15 926	-932	91 450	91 450	0
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn	11 443	13 530	-2 087	71 313	78 568	-7 255
Oppholdsdager, dagpasienter	1 111	1 318	-207	7 700	7 700	0
Pol. konsultasjoner	6 540	6 124	416	34 700	34 700	0

DRG produksjonen ligg pr februar 7,8 % lågare enn føresett i budsjettet og avviket heng saman med talet på sjukehusopphald er 7,5 % lågare enn budsjettet. Aktiviteten innan dagkirurgi er som planlagt. Dei klinikkane med svikt i produksjonen vil analysere avvika nærare og om mulig sette i verk tiltak for å auke produksjonen i komande månadar. Det er likevel ein risiko knytt til prognosen på aktivitet då trenden fram til no viser ein svikt i DRG produksjonen målt mot i fjor på 2,4 %.

Innan psykiatri er det ein reduksjon i oppholdsdøgn på 15 % i forhold til budsjett. Avviket ligg hovudsakeleg i lågare aktivitet ved DPS området og vaksenpsykiatrisk klinikk i Haugesund.

2.4 Helse Bergen HF

Samandragsrapport pr.:

FEB 2005

REKNESKAPSDATA


	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	71 446	9,0 %	72 012	8,7 %	66 624	8,8 %	421 575	421 575	0
ISF	241 749	30,3 %	262 752	31,9 %	156 248	20,5 %	1 534 503	1 534 503	0
Rammetilskot	455 007	57,0 %	458 652	55,6 %	503 491	66,2 %	2 754 031	2 754 031	0
Andre inntekter	29 809	3,7 %	31 311	3,8 %	34 470	4,5 %	187 424	187 424	0
Sum driftsinntekter	798 011	100,0 %	824 726	100,0 %	760 833	100 %	4 897 533	4 897 533	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	121 050	15,2 %	131 219	15,9 %	111 999	14,7 %	788 326	788 326	0
Løns- og personalkostnader	581 796	72,9 %	584 972	70,9 %	577 336	75,9 %	3 454 793	3 454 793	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskriving	123 807	15,5 %	131 603	16,0 %	130 224	17,1 %	775 463	775 463	0
Sum driftsutgifter	826 652	103,6 %	847 794	102,8 %	819 560	107,7 %	5 018 582	5 018 582	0
Driftsresultat ekskl. meiravskriving	-28 641	-3,6 %	-23 067	-2,8 %	-58 727	-7,7 %	-121 049	-121 048	-1
Netto finans	0		0		563		0	0	0
Ekstraordinære poster	-1 183		-1 500		0		-9 002	-9 002	0
Resultat ekskl. meiravskriving	-29 824		-24 567		-58 164	0	-130 051	-130 050	-1
- Meiravskriving	30 787		30 787		30 787		184 722	184 722	0
Resultat	-60 611	0	-55 354	0	-88 951	0	-314 773	-314 772	-1

Resultatet pr. februar viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 5,4 mill. I dette avviket ligg det eit negativt avvik på ISF inntekt med kr 21 mill (8 %). Dette skuldast først og fremst lågare aktivitet enn budsjettert, men og manglande oppnådd føresetnad om kodeforbetring.

På kostnadssida er det eit positivt avvik på kr 21,1 mill. Det positive avviket skuldast mellom anna kr 7.9 mill mindreforbruk på driftsavtaler sjuketransport og høgare sjukepengerefusjon enn budsjettert. Det er usikkert om planlagde endringar i aktiviteten har blitt tatt tilstrekkeleg omsyn til ved periodisering av kostnadsbudsjettet for dei enkelte einingane.

Nokre avdelingar har varsla eit inntektsbortfall i forhold til budsjett, mellom anna pga ein fortsett vriding frå døgnopphald til dagopphald og dermed ein lågare DRG indeks. Det er tidleg å konkludere allereie no, men det kan synast som om det er ein risiko knytt til å nå dei budsjetterte ISF inntektene. Helse Bergen vil analysere pasientsamansetninga for å klargjera kvifor det er eit fall i DRG indeks. Helse Vest vil følgje opp utviklinga og om nødvendig stille krav om korrigierende tiltak for å nå budsjettmålet.

Grafen under viser resultatutviklinga pr. månad eksklusive meiravskrivingar:



REKNESKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	71 446	66 624	7,2 %
ISF	241 749	156 248	54,7 %
Rammetilskot	455 007	503 491	-9,6 %
Andre inntekter	29 809	34 470	-13,5 %
Sum driftsinntekter	798 011	760 833	4,9 %
	Rekneskap	Rekneskap	
Varekostnader	121 050	111 999	8,1 %
Løns- og personalkostnader	581 796	577 336	0,8 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	123 807	130 224	-4,9 %
Sum driftsutgifter	826 652	819 560	0,9 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-28 641	-58 727	-51,2 %
Netto finans	0	563	
Ekstraordinære postar	-1 183	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-29 824	-58 164	-48,7 %
- korreksjon avskrivningar	30 787	30 787	
Resultat	-60 611	-88 951	-31,9 %

Resultatutviklinga målt mot i fjor viser ein positiv framgang på vel kr 28 mill. Omsetninga har auka med nærare 5 % medan kostnadane har auka i underkant av 1 %. Auken i varekostnad skuldast hovudsakeleg driftsavtaler på sjuketransport og ambulanse, samt at kostnader til utanlandsbehandling frå og med hausten 2004 ble ført i Helse Bergen. Auken i driftsavtalar sjuketransport har og sin motpost i auka inntekter (endring frå 50% dekning til 75% dekning). Deler av avvika kan og tilskrивast ulik periodisering av kostnadene i dei to første månedane. Endringane i løns- og personalkostnader må delvis sjåast i samanheng då IT avdelinga er skild ut i ny IKT eining og kostnadane no kjem som kjøp av tenester under andre driftskostnader. Dette utgjør samla kr 15 mill pr. februar. Ut over dette er det ein nedgang i andre driftskostnader som skuldast redusert bruk av konsulenttenester og innkjøp av medisinteknisk utstyr og IKT utstyr.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	16 905	17 134	-229	101 138	102 808	-1 670
Dagkirurgi/dagbeh.	6 517	6 468	49	38 808	38 808	0
DRG-poeng	13 256	14 134	-878	83 864	83 864	0
Pol. konsultasjoner	49 592	48 500	1 092	284 489	284 489	0
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn	21 846	19 837	2 009	124 459	121 959	2 500
Oppholdsdager, dagpasienter	2 091	2 260	-169	12 401	12 401	0
Pol. konsultasjoner	10 041	10 258	-217	58 632	58 632	0

Pr. utgangen av februar er det ein svikt i DRG produksjonen på 6,2 % i forhold til budsjett. Pr. februar er 1524 opphald ikkje ferdigkoda. DRG indeksen var lågare enn tilsvarande periode i fjor. Ut frå tidlegare erfaringar vil indeksen gå opp når alle opphalda er ferdig koda. Det er derfor venta at indeksen vil gå opp etter avslutning av første tertial og at avviket på DRG poeng vil reduserast. Den lågare indeksen kan og skuldast ei vridning frå relativt tunge døgnbehandlingar til dagbehandlingar samt færre komplikasjonar. Aktiviteten målt i sjukehusopphald er høgare enn i fjor men veksten kjem innan dagopphald som har låg vekt.

2.5 Helse Førde HF

Samandragrapport pr.:

FEB 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	14 980	6,7 %	15 158	6,6 %	16 144	7,6 %	90 627	90 627	0
ISF	66 336	29,7 %	71 274	31,0 %	40 673	19,2 %	419 092	419 092	0
Rammetilskot	114 264	51,2 %	114 264	49,7 %	149 187	70,5 %	685 583	685 583	0
Andre inntekter	27 687	12,4 %	29 207	12,7 %	5 671	2,7 %	178 657	178 657	0
Sum driftsinntekter	223 267	100,0 %	229 903	100,0 %	211 676	100,0 %	1 373 958	1 373 958	0
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	27 494	12,3 %	35 445	15,4 %	31 366	14,8 %	215 303	215 303	0
Løns- og personalkostnader	154 900	69,4 %	154 182	67,1 %	154 893	73,2 %	897 693	897 693	0
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	49 903	22,4 %	49 814	21,7 %	37 974	17,9 %	294 702	294 702	0
Sum driftsutgifter	232 297	104,0 %	239 441	104,1 %	224 233	105,9 %	1 407 698	1 407 698	0
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-9 030	-4,0 %	-9 538	-4,1 %	-12 557	-5,9 %	-33 740	-33 740	0
Netto finans	-377		-416		-505		-2 543	-2 500	-43
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-9 407		-9 954		-13 062	0	-36 283	-36 240	-43
- Meiravskrivning	8 000		8 000		8 000		48 000	48 000	0
Resultat	-17 407	0	-17 954	0	-21 062	0	-84 283	-84 240	-43

Resultatet pr. februar er tilnærma i balanse i forhold til budsjett. I dette resultatet ligg det ein svikt i totale inntekter med kr 6,6 mill (2,9 %) kor ISF inntekter utgjer kr 4,9 mill (6,9 %). På kostnadssida viser eit positivt avvik mot budsjett på kr 7,1 mill. Det positive avviket er hovudsakeleg knytt til lågare vareforbruk. Delar av dette skuldast lågare produksjon. Det har og vore mindre innleie av medisinsk personell.

Det er for tidlig etter to månader å seie noko om trenden på inntektsreduksjon vil fortsette og Helse Førde opprettheld derfor ein resultatprognose for året som er lik budsjett.

%-vis endring frå 2004 til 2005

FEB 2005

REGNSKAPSDATA

	Akkumulerte tal pr. Januar		% -vis endring fra 2004 til 2005
	2005	2004	
	Rekneskap	Rekneskap	
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	14 980	16 144	-7,2 %
ISF	66 336	40 673	63,1 %
Rammetilskot	114 264	149 187	-23,4 %
Andre inntekter	27 687	5 671	388,3 %
Sum driftsinntekter	223 267	211 676	5,5 %
	Rekneskap	Regnskap	
Varekostnader	27 494	31 366	-12,3 %
Løns- og personalkostnader	154 900	154 893	0,0 %
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivningar	49 903	37 974	31,4 %
Sum driftsutgifter	232 297	224 233	3,6 %
Driftsresultat ekskl. meiravskrivningar	-9 030	-12 557	-28,1 %
Netto finans	-377	-505	-25,4 %
Ekstraordinære postar	0	0	
Resultat ekskl. meiravskrivningar	-9 407	-13 062	-28,0 %
- korreksjon avskrivningar	8 000	8 000	
Resultat	-17 407	-21 062	-17,4 %

Resultatutviklinga pr. februar er positiv jamført mot i fjor og skuldast at inntektene har auka med 5,5 % medan kostnadene har auka med 3,6 % kor løns- og personalkostnadene er uforandra i høve til 2004. Når det gjeld auken i andre inntekter skuldast dette ei klassifisering av øyremerka tilskot som i fjor låg under rammetilskot.

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			Året totalt		
	Regnskap	Plan	Avvik	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk						
Sykehusopphold	3 316	3 590	-274	20 400	20 400	0
Dagkirurgi/dagbeh.	1 258	1 061	197	7 100	7 100	0
DRG-poeng	3 534	3 826	-292	22 500	22 500	0
Pol. konsultasjoner	17 193	17 385	-192	99 000	99 000	0
Psykiatri						
Antall oppholdsdøgn	5 880	4 927	953	29 640	29 640	0
Oppholdsdager, dagpasienter	100	200	-100	1 080	1 080	0
Pol. konsultasjoner	4 831	4 450	381	24 400	24 400	0

Produksjonen målt i DRG poeng ligg no 7,6 % lågare enn budsjettet. I avviket på 292 DRG poeng er 211 poeng knytt til lågare produksjon innan kirurgisk klinikk, og då særskilt innan ortopedi. Avviket i produksjonen blir følgt opp av klinikkdirektør og ein vel framleis å halde prognosen for året lik budsjett. Poliklinisk verksemd ligg pr. februar noko bak budsjett men på linje med fjoråret. Innan psykisk helsevern er det ein høg produksjon målt i oppholdsdøgn og ein ligg no 19 % over budsjett og 10,7 % over nivået i fjor.

2.6 Apoteka Vest HF

Sammendragsrapport pr.: FEB 2005

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	71 807	100 %	70 685	100 %	68 417		437 677	437 677	0
Varekostnader	58 213	81,1 %	55 660	78,7 %	54 348	79,4 %	344 646	344 646	0
Løns- og personalkostnader	12 547	17,5 %	13 169	18,6 %	11 747	17,2 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	3 165	4,4 %	3 477	4,9 %	2 666	3,9 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	73 925	102,9 %	72 306	102,3 %	68 761	100,5 %	437 927	437 927	0
Driftsresultat	-2 118		-1 621		-344		-250	-250	0
Netto finans	124		42		65		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	-1 994		-1 579		-279		0	0	0

Resultatet pr. februar viser eit negativt avvik mot budsjett på kr 0,4 mill. Avviket skuldast høgare varekostnad enn føresett i budsjett. Det blei etablert ein ny prismodell ved inngangen til 2005 kor hensikta var å avvike kryssubsidiering og synleggjera produksjonskostnadene. I tillegg har det vore ein føresetnad at produksjonen på Haukeland skulle oppskaleras. Dei første månadene viser at nedjustering på logistikk har gått etter planen, men oppskalering innan produksjon har ikkje gått etter planen. Det blir no arbeida med tiltak for å rette opp forholdet. Som motvekt ligg det inne eit positivt avvik på lønskostnader med kr 0,6 mill. Apoteka opprettheld ein resultatprognose for året som er i tråd med budsjett for 2005

2.7 Kjøp av helsetenester

Samandragsrapport pr.: FEB 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	0	0,0 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	645 654	33,7 %	645 654	33,7 %	3 875 474	3 875 474	0
Rammetilskot	1 267 867	66,2 %	1 267 867	66,2 %	7 610 248	7 610 248	0
Andre inntekter	602	0,0 %	602	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	1 914 123	100,0 %	1 914 123	100,0 %	11 489 335	11 489 335	0
Varekostnader	1 861 761	97,3 %	1 861 761	97,3 %	11 175 038	11 175 038	0
Løns- og personalkostnader	46	0,0 %	46	0,0 %	278	278	0
Andre driftskostnader	41 467	2,2 %	41 467	2,2 %	248 903	248 903	0
Sum driftsutgifter	1 903 274	99,4 %	1 903 274	99,4 %	11 424 219	11 424 219	0
Driftsresultat	10 849		10 849		65 116	65 116	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	10 849		10 849		65 116	65 116	0

Det gjenstår framleis arbeid med å avstemme inntekter og kostnader mellom RHF'et og helseføretaka. På grunn av årsoppgjøret har dette blitt hengende noko etter. Det er så langt inga indikasjonar på avvik vi forhold til budsjettet for året. Resultatet pr. februar er derfor periodisert i samsvar med budsjettet. Frå og med komande rapportering vil det bli rapportert på faktisk rekneskap pr. mars.

2.8 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: FEB 2005


REGNSKAPSDATA

	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	0	0	0	0	0	0
Varekostnader	0	0	0	0	0	0
Løns- og personalkostnader	4 703	4 703	0	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	6 566	6 566	0	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	11 269	11 269	0	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-11 269	-11 269	0	-65 116	-65 116	0
Netto finans	0	0	0	0	0	0
Ekstraordinære postar	0	0	0	0	0	0
Resultat	-11 269	-11 269	0	-65 116	-65 116	0

Det visast til kommentarane under 2.7 kjøp av helsetenester.

3. Likviditet


I grafen under er det vist ein konsolidering av budsjettert overtrekk på konsernkonto for føretaksgruppa samla. I tillegg er det faktiske overtrekket i perioden januar til mars vist. På grunn av resultatutviklinga samt føresetnad om at ein også i år vil måtte betale reguleringspremie til KLP på vel kr 400 mill, vil ein måtte nytta tilnærma heile driftskredittramma ved utgangen av året.




Helse Vest har sendt brev til Helse- og omsorgsdepartementet kor vi ber om å få utvida driftskredittramma til kr 1,4 mrd. Det viser her til styrevedtak under sak 32/05 B Justert konsernbudsjett 2005 der Helse Vest legg fram forslag til vedtak om å søkje om auka driftskredittramme.


4. Sjukefråvær og månadsverk

Grafane under viser utviklinga i talet på månadsverk frå og med januar 2004. Det står framleis att arbeid med å få standardisert månadsverksrapporteringa opp mot felles definisjonar. Målet er at det skal kunna gjennomførast pålitelege samanlikningar frå ein månad til ein annan både for det einskilde HF'et og på tvers av HF'a.





Sjukefråvær



Det har i 2004 vore arbeidd målretta for å redusere sjukefråveret. Utviklinga i sjukefråveret frå januar 2004 til februar 2005 viser at arbeidet har gitt tydelege resultat. Alle helseføretaka har klart betydelege reduksjonar i sjukefråveret. Alle Helseføretaka med unntak av Helse Førde har hatt ei svak oppgang i sjukefråveret dei siste månadene. Den same trenden hadde føretaka og i byrjinga av fjoråret. Systematisk arbeid med sjukefråveret er eit arbeid som må pågå kontinuerlig og som difor vil vera eit satsingsområde òg i 2005.

Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 28. februar til etterretning

II. Økonomi Resultat

Månad: AKKUMULERT FEBRUAR 2005

	Helse stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF		Apotekene Vest HF		Helse Vest RHF		Helse Vest ADM.		Interne trans.		Konsern	
	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett	Faktisk	Avvik vs. budsjett
Poliklinikk (inkl. elgenbetaling)	41778	-3761	18742	-1173	71446	-566	14980	-178	0	0	0	0	0	0	-60000	0	86946	-5678
ISF (DRG-inntekter)	159011	-11153	84353	-7136	240884	-21219	65104	-6170	0	0	627870	0	0	0	-595029	0	582192	-45678
Gjestepasientar	-1	-9	0	0	866	216	1232	1232	0	0	17784	0	0	0	0	0	19881	1439
Rammetilskot	257015	1905	154434	76	455007	-3645	114264	0	0	0	1267867	0	0	0	-980720	1664	1267867	0
Andre inntekter	10614	-3170	8827	798	29809	-1501	27687	-1520	71807	1122	602	0	0	0	62000	2000	211346	-2271
SUM DRIFTSINNTEKTER	468417	-16188	266356	-7435	798011	-26715	223267	-6636	71807	1122	1914123	0	0	0	-1573749	3664	2168232	-52188
Varekostnad	55585	1795	27037	677	121050	-10169	27494	-7951	58213	2553	1861761	0	0	0	-1573749	3664	577391	-9431
Personalkostnad	353219	6954	191367	274	581796	-3176	146639	4033	12083	-631	46	0	4703	0	0	0	1289853	7454
Andre driftskostnader	92771	-3412	67197	1527	154594	-7796	66164	-3226	3629	-303	41467	0	6566	0	0	0	432388	-13209
SUM KOSTNADER	501575	5337	285601	2478	857439	-21141	240297	-7143	73925	1619	1903274	0	11269	0	-1573749	3664	2299632	-15187
DRIFTSRESULTAT	-33158	-21525	-19245	-9913	-59428	-5574	-17030	507	-2118	-497	10849	0	-11269	0	0	0	-131401	-37001
NETTO FINANSRESULTAT	-17	583	217	217	0	0	-377	39	124	82	0	0	0	0	0	0	-53	921
EKSTRAORDINÆRE POSTER	0	0	0	0	-1183	317	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	-1183	317
RESULTAT	-33175	-20942	-19028	-9696	-60611	-5257	-17407	546	-1994	-415	10849	0	-11269	0	0	0	-132637	-35763
Meiravskriving	12282		9333		30787		8000										60402	0
RESULTAT	-20893	-20942	-9695	-9696	-29824	-5257	-9407	546	-1994	-415	10849	0	-11269	0	0	0	-72235	-35763

